



Sakshands.: BTK  
Direktetlf.: 56327504

Vår ref.: 2011000451-3  
Arkiv: N-105.2

Dykkar ref.:

Dato:11.03.2011

## **RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR, SIST ENDRA 2007**

### **Generelle retningslinjer**

- Barn og unge i Sund skal vera prioriterte ved tildeling av kulturmidlar.
- , ....
- Kommunal stønad til kulturtiltak kan gjevast til lag, organisasjonar eller institusjonar som er lokaliserte og har aktivitet i Sund kommune.
- Det vert lagt vekt på å utvikla eit variert lags- og organisasjonstilbod i kommunen.
- Kommersielle tiltak og organisasjonar som har til oppgåve å ta seg av yrkes- og/eller økonomiske interesser for medlemene sine, får ikkje tilskot.

### **1. Nærare reglar for tildeling**

- Lag og organisasjonar som søker om tilskot frå Sund kommune må vera opne for alle og ha eit demokratisk vald styre.
- Lag og organisasjonar får etter søknad kulturmidlar til å oppretthalda aktiviteten og vidareutvikla kvaliteten i tiltaka.
- Det kan søkjast om starttilskot til nye lag, eller til lag som startar opp att etter minst 3 års avbrot.
- Tildeling av kulturmidlar skal ta omsyn til om lag, organisasjonar og institusjonar har utgifter til leige av lokale og anlegg.

### **2. Grunnlag for vurdering av søknader**

- Barn og unge under 19 år
- Tilrettelegging for funksjonshemma
- Tal på aktive medlemmer i laget/organisasjonen
- Lagsverksemd og aktivitetsnivå siste år
- Aktivitetsplan for neste år
- Årsmelding, rekneskap og budsjett

### **3. Framgangsmåte for tildeling av midlar**

- Tildeling av midlar skjer ein gong i året.
- Søknadsfristen vert kunngjort i lokalpressa og på heimesida til Sund kommune. Retningslinjer og søknadsskjema ligg på Sund kommune sine heimesider.
- Søknader som kjem etter fristen, vil ikkje verta vurderte.
- Årsmelding, rekneskap og budsjett skal følgja med søknaden. Dersom noko av dette manglar, vil søknaden ikkje verta vurdert.
- Prioritering og framlegg til fordeling skjer snarast mogleg etter at fristen er gått ut.
- Vedtak i *saksgruppe levkår og nærmiljø* vert gjort før sommarferien.
- Alle søkjarar får skriftleg melding om resultatet på tildelinga av kulturmidlane.

### **4. Kontroll**

Kommunen har rett til å føra kontroll med at midlane vert brukte rett. Dersom søkjarar som har fått tilskot gjev urette opplysningar eller misbrukar tildelte midlar, kan tilskotet inndragast heilt eller delvis. Tilskot til eingongstiltak skal utbetalast i takt med framdrifta på tiltaket. Det skal leggjast fram sluttrekneskap for slike tiltak.